

Vårmønstringa vart ein suksess i Hordaland

Arrangør Rolling Thunder ba alle høge makter om fint vær og det funka - til og med i Bergen!

TEKST & FOTO: GAUTE BLEIE

Cirka 1200 sykklar og mer enn 2000 menneske og sol frå uklar himmel gjorde dagen fin! NMCU Hordaland hadde ei stor messevogn som Thor Heldal så villig lånte vekk til oss. Vogna vart utstyrt med pølse- og kaffi sal frå Rolling Thunder og vi i NMCU Hordaland og MC-Ravn gjengen hadde stand i det som utover dagen vart kalla for NMCU Kafeen.

Tom Johnsen var som vanlig NMCU sin representant i juryen for finast, blankast, eldste, nybygde, Harley, japse, europeiske og Peoples Choice.

Vi hadde og med oss handikapptoiletet som NMCU har kjøpt inn i samarbeid med Hardanger MC og Osterøy MC klubb. Handikapptoiletet vart kjøpt inn for å inkludere tidlige og (forhåpentligvis ikkje) kommande handikappede motorsyklistar på treff. Vi fikk gode tilbakemeldingar frå Likevel MC på at vi har tatt initiativ til å skaffe fram et portabelt toalett i miljøet. Tidligere kasserar i NMCU Hordaland, Christian, ordna med gratis pumpebil til toalettet.

Synnøve, sekretær i NMCU Hordaland, gjorde ein stor jobb i verveverksemda. Eg var på standen og haldt fortet. Det var faktisk så mykje å gjera at eg ikkje fikk gått rundt området å sett på utstillingane. Denne helga har vore den travlaste helga hittil i år, med deltaking på MC-Ravn Bergen sitt kick off på fredag 25. april, Se Oss aksjon 26. april og Vårmønstring 27. april!

Men med så gode tilbakemeldingar som vi får frå medlemsmassen er dette bare gøy og gir inspirasjon til vidare arbeid.



Mange skuelystne bergensere når motorsyklistane samla seg på torget



Blant dei mange som markerte seg på Rolling Thunders vårmønstring var MC-Ravn



NMCU fekk gode tilbakemeldingar på det flyttbare handikapptoiletet



Masse folk foran scenen



Nestleiar Tom E. Johnsen i NMCU Hordaland